



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 28/21

Møtedato: 01.09.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

F367, Grønsenn – inngjerding av hytte på stølsjorde

Eigar av hytte Fnr 367, Jan Ove Tuvmarken har søkt om å føre opp gjerde grunna beitedyr på jordet som går heilt inntil hytta. Det er vanleg å kunne få føre opp gjerde ved større beitetrykk, noko ein kan seie det er i dette tilfellet.


Imidlertid ligg hytta inne på eit stølsjorde – S877 tilhøyrande Ole Olsen Fylken. Slikt sett må ein og sjå på verknaden denne inngjerdinga vil kunne få på stølsbruken.

Omsøkt gjerde er avklara med stølsbruker, slik at dei er samde om denne oppføringa. Dette dreier seg om ca 320 m² rundt hytta, samt nokre få m² utanfor utedo/vedbod. Den nye kommuneplanen som er på høyring, legg opp til gjerderegler i heile kommunen på 500 m² + tillatt utnytting. Dette gjev rom for inntil 600 m² i statsallmenninga på generelt grunnlag. I midlertid er dette annleis når hytta ligg inne på stølsjordet, der ein bør vere noko meir restriktiv dersom det får negative verknader for bruk av stølsjordet.

I dette tilfellet er det take omsyn til at traktor kan køyre rundt hytta, og omsøkt areal er godt under 600 m². Det er også forståelig at ein ikkje ynskjer beitedyr inn på trappa på hytta, slik at og dei hyttene som ligg inne på stølsjorde må kunne få noko innquierding.

Ut i frå dei opplysingar som føreligg i saka er administrasjonen positiv til omsøkt inngjerding.

Når det gjeld ynskje om vanleg nasjonalgjerde/trådgard, kan dette aksepteraast då dette ligg innafor eit stølsjorde som også har trådgard.



Omsøkt gjerde merka i raudt.

Imidlertid tek ein opp eit tema ang oppført utedo/vedbod. Denne er ikkje omsøkt i kommunen, og det er oppgjeve frå søker at den opprinnleig var tiltenkt som midlertidig, men det passa godt å ha den ståande etter at hytta vart renovert. I forhold til tillatt areal, er dette bygget innafor reglane men ein reagerer noko på plasseringa. Normalt sett krev ein plassering av bygg i tunform. I dette tilfellet hadde ein nok då avgrensa passasjen forbi hytta i sterkare grad, så i høve til dagens drift kan det passe greitt at den inntil vidare står heilt ute i jordkanten.

Det kan oppstå større utfordringar dersom hytte-eigar ynskjer eigen veg til hytta, eller ynskjer oppmåling av arealet som etter tomtefesteloven er 1000 m². eks dersom ein ynskjer veg frå aust, og vil ha tomteareal som inkluderer uthuset i vest vil denne kunne sperre av jordet som er uheldig. Med dette som bakgrunn anser ein dette bygget som midlertidig, og ikkje endeleg godkjent. Dermed vil ein kunne sjå dette pånytt dersom/når det kjem andre søknader om tiltak knytt til denne fritidsbustaden F367. Ynskjes det avklaring på plassering av dette bygget no må det søkjast om dette på vanleg vis.

Oppsummert: omsøkt inngjerding er akseptabel ut i frå drift på stølsjordet, og ein tilrår fjellstyret ei positiv haldning til søknaden.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret tilrår omsøkt inngjerding på Fnr 367, men presiserer at oppført uthus er å anse som midlertidig plassering og kan endrast som følgje av nye tiltak på denne eigedommen.

Vedtak

Fjellstyret tilrår omsøkt inngjerding på Fnr 367, men presiserer at oppført uthus er å anse som midlertidig plassering og kan endrast som følgje av nye tiltak på denne eigedommen.

Samråystes vedteke

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjelloyver tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjelloyver, jf. §10 i fjelloyver. Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Stølsbrukar
Hytte-eigar